



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# Plansamordning - årsrapport 2021 v.10.01.2022B

## Plansaker hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal







# Plansamordning - årsrapport 2021

## Plansaker hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

### Innhald

1.	Planstatistikk SFMR for 2021 – samla oversikt.....	6
2.	Typar plansaker - kommunevis .....	8
3.	Kommunal planstrategi og kommuneplanen som verktøy .....	13
4.	Motsegn.....	24
5.	Mekling.....	29
6.	Dispensasjonar og klager.....	34
7.	Oppsummering.....	38

### Vedlegg:

#### Om Statsforvaltarens rolle og medverknad i regional og kommunal planlegging

- Statsforvaltarens oppgåver i plansaker etter plan- og bygningslova
- Behandling av regionale og kommunale plansaker hos SFMR
- Planlegging som verktøy for samfunnsutvikling og samfunnsendring
- Utdrag frå sentrale styringsdokument (VØI og TB 2021)

**Sveinung Parr Dimmen**

samordnar



## **Samandrag**

Denne rapporten gir ein samla presentasjon av plansaksbehandlinga etter plan- og bygningslova hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (SFMR) for 2021. Klagesaksbehandling i plan- og byggesaker lagt til justis- og vergemålsavdelinga er ikkje medrekna her. Fylkesmannen skifta namn til Statsforvaltaren f.o.m. 01.01.2020. Samfunnsoppdraget og oppgåvene er dei same som før.

Denne årsrapporten er basert på vår eigen statistikk med utgangspunkt i Statsforvaltarens rolle som høyringsinstans i kommunale plan- og dispensasjonssaker ført i saksbehandlingssystemet ephorte. Statistikk og opplysningar i rapporten omfattar nærmere presentasjon av ulike plantypar og plantema. Aktuelle utviklingstrekk og trendar blir kommentert i lys av samanlikningar med tidlegare års statistikk, både samla sett og korleis dette fordeler seg kommunevis.


Rapporten er i første rekke utarbeidd med tanke for intern informasjon og vidare bruk for saksbehandling og rapportering hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Men innhaldet vil også kunne vere aktuelt for kommunar og offentlege og private samarbeidspartar elles, samt andre med interesse for kommunalt plan- og utviklingsarbeid.

Som eige **vedlegg til rapporten** er det tatt med litt kortfatta bakgrunnsinformasjon om offentleg planlegging som verktøy for samfunnsutvikling og samfunnsending. Det er vidare gjort nærmere greie for Statsforvaltaren sine oppgåver i plansaker etter plan- og bygningslova med referanse til sentrale styringsdokument.

### **Oppsummert viser planrapporten for 2021 at**

- aktiviteten på plansida er stor med til saman 1282 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar/høyringsbrev), fordelt på 379 plansaker og 903 dispensasjonssaker
- det er stor breidde og variasjon i sakene i forhold til både innhald og kompleksitet; dei fleste plansakene har ein klar tverrfagleg karakter og er avhengig av innspel frå ulike fagavdelingar og fagmiljø hos SFMR i samband med høyringsfråseigner og vidare dialog
- plan- og dispensasjonssaker fordeler seg svært ulikt på kommunane; nokre kommunar har vesentleg større aktivitet og fleire saker enn andre
- talet på motsegner i arealplansaker ligg om lag på nivå med tidlegare år; flest motsegner knyter seg til manglar i samband med *ROS/klimatilpassing*, men det er også mange motsegner til tema som *Forureining/støy, Barn og unge, Landbruk/jordvern, Naturmangfold*, samt *Planfaglege* merknader generelt («tekniske» motsegner)
- talet på dispensasjonssaker ligg høgt og har over tid auka kvart år; dette til trass for at fleire av kommunane har fått vedtatt nye, oppdaterte arealplanar
- tidleg medverknad og dialog undervegs i planprosessane gjer at konfliktar kan avklarast tidlegare; i arealplanprosessar kan motsegner løysast undervegs gjennom dialog arbeidsmøte og færre saker går til formell mekling
- kompetanse og kapasitet på planområdet varierer mykje kommunane i mellom; utfordringane i forhold til dette er gjerne størst i dei minste kommunane
- SFMR har eit tett samarbeid med fylkeskommunen på plansaksområdet; dette omfattar både kurs, konferansar, nettverkssamlingar, regionalt planforum – samt uformell kontakt gjennom den løpende plansaksbehandlinga

- aktuell informasjon til kommunane knytt til plansak og planlegging er elles lagt ut på SFMR sine heimesider, men omfattar m.a. også utsending av [Nyheitsbrev om plan](#) til alle kommunale plankontakter og *Forventningsbrev 2021* [Forventningsbrev 2021](#) til kommunane i Møre og Romsdal.
- det er i denne planperioden gjennomført kommunemøte/politikaropplæring med søkerlys m.a. retta mot oppfølging av FNs berekraftsmål og strategisk planlegging som politisk styringsverktøy; dette har i 2021 vore følgd vidare opp gjennom eigne dialogmøte med alle kommunane
- ny runde med utarbeiding av kommunale planstrategiar for perioden 2019 - 2023 er gjennomført i 25 av 26 kommunar; alle fagavdelingane hos SFMR har her bidratt aktivt med innspel på sine fag- og ansvarsområde
- kommuneplanen som styringsverktøy i kommunalt utviklings- og omstellingsarbeid er styrka; fleire kommunar har som ledd i dette prioritert arbeidet med å få på plass oppdaterte kommuneplanar med samfunns- og arealdel
- ordninga med statleg samordning av motsegn til kommunale planar har gitt Statsforvaltaren ei utvida rolle i forhold til plansamordning; tidlegare forsøksperiode med oppstart i 2015 er innført som ei permanent ordning frå 01.01.2018.
- viktige rammer og føringer for plansaksbehandlinga hos SFMR er nedfelt i nasjonale forventningar og styringsdokument; jf. Styringsportalen 2021 med VØI og TB 2021, samt Nye [nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023](#)
- Regjeringa har gjennom dei nasjonale forventningane peika på at FNs 17 berekraftsmål, som Noreg har slutta seg til, skal vere grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.



## 1. Planstatistikk SFMR for 2021 – samla oversikt

Statsforvaltaren er høyringspart for alle kommunale plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova. Med dette som utgangspunkt blir det utarbeidd kvartalsvis statistikk og rapportering som viser oversikt og utdrag av plansaksbehandlinga.

Eit eige vedlegg til denne årsrapporten inneheld meir informasjon om

- Statsforvaltaren sine oppgåver i plansaker etter plan- og bygningslova
- Behandling av kommunale plansaker hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- Planlegging som verktøy for samfunnsutvikling og samfunnssendring
- Utdrag frå sentrale styringsdokument om Statsforvaltarens ulike samfunnsoppdrag; jf. *Virksomhets- og økonomiinstruksen (VØI)* og *Tidelingsbrevet (TB)*

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (SFMR) har i 2021 behandla 1282 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova. Klagesaksbehandling i plan- og byggesaker lagt til justis- og beredskapsavdelinga er ikkje medrekna her.

Statistikken for første halvår 2021 viser at samla aktivitet på plansida er større og meir omfattande samanlikna med tidlegare år. Tal for ekspedisjonar knytt til **kommuneplanar og kommunedelplanar** for 2021 ligg på nivå med fjaråret; 46 saker i 2021 mot 48 i 2020. Dette gjeld også for tal ekspedisjonar knytt til **reguleringsplansaker** med 336 i 2021 mot 339 i 2020. Kommunane i fylket har elles i 2020 og 2021 utarbeidd kommunale planstrategiar for planperioden 2020 – 2023. Ved utgangen av 2021 har 25 av 26 kommunar gjort vedtak om oppdatert planstrategi for inneverande planperiode.

Talet på **dispensasjonssaker** for 2021 omfattar i alt 903 saker. Dette er vesentleg høgare enn for fjaråret med 831 saker, og som så langt representerte eit toppår. Talet på dispensasjonssaker har auka både absolutt og relativt i løpet av dei siste åra. For 2021 utgjer dispensasjonssakene åleine 70 prosent av det samla talet på plan- og dispensasjonssaker.

Årsakene til at talet på dispensasjonssaker framleis held seg høgt kan vere fleire og ulike. Ei generell utfordring for fleire av kommunane vil framleis vere mangel på oppdatering av overordna kommuneplan (kommuneplanens arealdel). Eldre reguleringsplanar vil også kunne vere ei utfordring. Dei fleste kommunane har gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar signalisert behov for rulling av sine overordna arealplanar i planperioden 2020 – 2023. Nokre kommunar har fått vedtatt nye planar i perioden, medan andre framleis er i prosess; jf. eigen tabelloversikt seinare. På bakgrunn av dette er det forventa at behovet for å søke om dispensasjon frå plan vil gå ned.

Statistikken for 2021 viser vidare at tal på arealplanar med motsegn har gått ned frå 71 i 2020 til 60 i 2021. Dette i hovudsak som følgje av at talet på reguleringsplansaker har gått ned. Prosentvis er såleis nedgangen marginal. Vi ser vidare at det i 2021 har vore færre saker knytt til ordninga med samordning av statlege motsegner; 13 saker i år mot 18 i fjar.

Det har vore gjennomført to formelle meklingsmøte i arealplansaker i løpet av 2021, medan to uavklarte motsegnssaker har vore oversendt Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Motsegner blir i aukande grad avklart undervegs i planprosessen gjennom uformelle arbeidsmøte. Alle oversendingssaker til KMD blir følgd opp gjennom møte og synfaringar i samarbeid med KMD. Andre fagdepartement og direktorat vil også kunne delta på desse møta/synfaringane. Dette som ledd i KMD si sluttbehandling av desse sakene.

## SFMR

### Plansaker og dispensasjonssaker etter pbl; samla årsoversikt 2010 – 2021

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Reguleringsplan	459	480	496	471	477	*400	414	405	366	370	339	326
Kommune(del)plan	36	37	48	86	56	*44	40	33	52	34	48	46
Kommunal planstrategi	x	x	31	5	x	x	24	14	1	1	19	5
Regionale planar	-	-	6	5	2	4	2	1	0	1	2	2
Plansaker samla	495	517	584	567	530	*448	479	453	419	406	408	379
Disp.saker samla	628	520	605	533	605	638	640	679	789	802	831	903
<b>Sum planar og disp.</b>	<b>1123</b>	<b>1032</b>	<b>1189</b>	<b>1100</b>	<b>1140</b>	<b>1086</b>	<b>1119</b>	<b>1132</b>	<b>1208</b>	<b>1208</b>	<b>1239</b>	<b>1282</b>
Motsegner (tal planar)	39	62	63	64	58	*80	79	83	69	80	71	60
Samordningssaker statleg motsegn	x	x	x	x	x	21	22	31	27	27	18	13
Meklingsmøte	4	7	6	8	3	3	4	2	1	2	0	2
Planar oversendt departementet (KMD)	2	0	3	1	3	0	3	3	1	6	1	2
Klager – disp.søknader	18	18	21	3	6	8	17	11	21	14	9	15
Varsel om klage - disp	-	-	-	-	48	51	85	129	129	145	107	105

*Tabell:*

*Behandla plansaker/ekspedisjonar hos SFMR 2010 – 2021.*

Forklaring til tabellen:

- manglar data/registrering
- X ikke aktuelt/relevant

#### Merk:

- Statistikken for plansaker omfattar tal på ekspedisjonar/høyningsbrev. Statsforvaltaren gir høyningsuttale til kommunale planar både ved oppstart og undervegs i planprosessen. I forhold til årsstatistikken vil nokre planar/plansaker såleis kunne bli registrert meir enn ein gong. Når det gjeld planstrategiar, dispensasjonar og motsegner er det derimot tal på planar som er registrert.
- Kommunereforma resulterte i at talet på kommunar vart redusert frå 36 til 26 frå 01.01.2020. Dette gjer at talet på kommuneplanar og kommunale planstrategiar for perioden etter 2020 ikkje direkte vil kunne samanliknast med statistikken frå tidlegare år.

## **2. Typar plansaker - kommunevis**

Nasjonale forventningar for planperioden 2019 - 2023 har lagt grunnlaget for ei ny runde med regionale og kommunale planstrategiar. Kommunane har i løpet av 2020 og 2021 utarbeidd og gjort vedtak om ny kommunal planstrategi for planperioden 2019 - 2023. Statsforvaltaren har forventningar om at kommunane i samband med dette sørger for gjennomgang, oppdatering og revisjon av kommuneplanens samfunnsdel. Oppdatert samfunnsplan vil i neste omgang gi ramme og retning for ny revisjon av kommuneplanens arealdel.

Hovudtyngda av kommunale plansaker til behandling hos Statsforvaltaren er knytt til reguleringsplanar. Desse er av to typar; områderegulering og detaljregulering. Medan kommunane sjølv tar ansvar for områdereguleringa, blir det meste av detaljreguleringa initiert av private aktørar og gjennomført i tett samarbeid med private konsulentfirma. På landsbasis utgjer private reguleringsplanar om lag 80 prosent av alle reguleringsplanar. I Møre og Romsdal er denne prosentandelen enno høgare.

Manglande oppdatering/rullering av overordna kommuneplan skaper ofte utfordringar for ei meir heilskapleg og langsiktig arealforvaltning. Utfordringar knytt til den kommunale planlegginga avspeglar også at kommunane i fylket er svært ulike i forhold til folketal, næringsstruktur, naturgrunnlag, sentralitet m.v. Mål, strategiar og tiltak vil såleis måtte tilpassast situasjon og behov i den enkelte kommune. Talet på plansaker til behandling hos SFMR knytt til kommune(del)- og reguleringsplanar fordeler seg elles svært ulikt kommunane i mellom; sjå tabellar under.

Som høyringsinstans for kommunale plansaker vil Statsforvaltaren møte alle plansaker to eller fleire gonger gjennom ulike trinn i planprosessen. I tillegg til planoppstart med høyring av planprogram omfattar dette seinare ny høyringsrunde med utkast til ferdig plan. I samband med kommuneplanens arealdel blir dette gjerne supplert med ei ny høyring (2. gangs off. ettersyn) basert på justeringar knytt til planutkastet i første høyringsrunde. Dette vil også vere aktuelt i samband med områdevise kommunedelplanar og reguleringsplanar.

### **Kommuneplanar til høyring - oversikt 2020 - 2021**

Som ledd i arbeidet med utarbeiding av kommunal planstrategi for planperioden 2020 – 2023 har fleire kommunar kopla planstrategiarbeidet direkte til melding om oppstart og planprogram til kommuneplanens samfunnsdel. Statsforvaltaren har i 2021 prioritere vidare oppfølging av det strategiske kommuneplanarbeidet i samarbeid med fylkeskommunen og dei einskilde kommunane. Ein oppdatert kommuneplan vil vere ein viktig føresetnad for å styrke kommunal planlegging som eit viktig strategisk styrings- og utviklingsverktøy. Kommuneplanens samfunnsdel vil her legge viktige rammer og føringer for det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Statistikken frå 2020 og 2021 viser at svært mange av kommunane er i prosess med rullering av sine overordna strategiske planar i tråd med rammer og føringer i vedtekne kommunale planstrategiar. For ein nærmare omtale av dette; sjå kap. 3.

## Kommuneplanar (samfunns- og arealdel) til høyring 2020 – 2021 v. 31.12.2021

Saknr ephorte	Kommune	Samf	Areal	Felles S + A	Oppstart planpr.	Off. høyring	Merknad
20/0071	Aure	x				X	Kopling KPS ok
20/1096	Gjemnes	x				X	Fellesdok KPS + KP samf pp
20/0915	Molde	x				X	Kopling KPS manglar
20/0875	Kr.sund		x			X	Mindre endring
20/1173	Tingvoll	x				X	Fellesdok KPS + KP samf pp
20/1370	Sunndal	x				X	Fellesdok KPS + KP samf pp
20/1581	Smøla	x				X	Fellesdok KPS + KP samf pp
16/7344	Kr.sund	x				X	Fellesdok KPS + KP samf pp
20/1802	Averøy	x				X	Fellesdok KPS + KP samf pp
20/2176	Surnadal	x				X	Fellesdok KPS + KP samf pp
20/1898	Sande	x			X		Kopling KPS manglar
20/2169	Ålesund	x				X	Kopling KPS ok
17/7704	Hustadvika	x				X	Kopling KPS OK jf. 20/0824
17/1481	Stranda		x			X	Avklaring motsegn 2.g. off.h
16/600	Volda*		x			X	Avklaring motsegn 2.g. off.h.
18/1806	Smøla		x			X	2.g. off.høyring
20/4513	Giske	x			X		Fellesdok KPS + KP samf
19/231	Kr.sund		x			X	
20/4421	Fjord	x			X		Fellesdok KPS + KP samf
20/5609	Sande		x			X	Avgrensa rullering/revisjon
20/6057	Hareid		x			X	Off.høyring
20/6215	Vestnes	x			X		Fellesdok KPS + KP
20/6600	Sykylven	x			X		Fellesdok KPS + KP samf pp
20/1096	Gjemnes	x				X	
20/6215	Vestnes	x	x	x	X		Felles KP samf + Kp areal
20/5067	Hareid		x			X	
20/6600	Sykylven	x			X		Felles KPS + PP KP samf
21/0874	Hustadvika		x		X		
15/2866	Volda	x			X		
21/2181	Herøy	x			X		
21/2344	Tingvoll		x		X		
21/4366	Fjord	x				X	
21/2181	Herøy	x				X	

\*KDP Nye Volda

Tabell: Kommuneplanar (samfunns- og arealdel) til høyring 2020 - 2021 v. 01.07.2021

## Kommunedelplanar til høyring 2020 - 2021

Kommunane utarbeider etter behov kommunedelplanar i form av sektor-, tema- eller områdeplanar. Overordna kommuneplan gir viktige rammer og føringar for utarbeiding av kommunedelplanane. Dette er planar som ofte inneber ei vidare oppfølging og konkretisering av prioriterte satsingar nedfelt i kommuneplanens samfunnsdel. Mange kommunar har i tillegg utarbeidd reine fag-/temaplanar som ikkje følgjer prosessreglane i plan- og bygningslova med planprogram og formelle krav til deltaking og medverknad. I praksis vil ein slik fag-/temaplan både i form og innhald kunne vere relativt lik ein kommunedelplan.

I samband med kommunane sitt planstrategiarbeid vil ein samla presentasjon, gjennomgang og evaluering av kommunens samla planportefølge inngå som ein viktig del. Mange kommunar

nyttar her høvet til å gjere ei opprydding og forenkling i sitt plansystem. Dette m.a. ved å slå saman tematisk smale delplanar til breiare tverrfaglege planar med status som kommunedelplanar og med tydeleg kopling til overordna kommuneplan med sine mål og strategiar.

#### Kommunedelplanar til høyring 2020 - 2021 v.31.12.2021

Saknr ephorte	Kommune	KDP type	*Oppstart Planprogr	*Off. høyring	Merknad
19/6053	Aukra	Klima og miljø	x		
20/0051	Kr.sund	Sykkels		x	
19/1950	Sykylven	Helse og omsorg		x	
18/4307	Stranda	Strategisk næring		x	
16/3659	Hustadvik	Kulturminne		x	
20/1094	Gjemnes	Sentrums/Område	x		Områdeplan
19/1061	Volda	Fjordkryssing/Omr.	x		Områdeplan
20/1120	Herøy	Klima og energi	x		
17/5576	Sykylven	Sentrums/Område		x	Områdeplan
20/1612	Volda	Helse og omsorg		x	
20/1941	Ålesund	Idrett og fysisk aktiv	x		
20/3031	Herøy	Trafikktrygging	x		
19/5676	Herøy	Strategisk næring		x	
17/4728	Kr.sund	Sentrums/område		x	Områdeplan Avklaring motsegn
20/3745	Sula	Klima og miljø		x	
20/3798	Ulstein	KDP landbruk	x		
15/6345	Molde	KDP E-39 JulbøenMolde		x	Områdeplan SW
16/2791	Sunndal	KDP Todalsfjord		x	Områdeplan Felles m Surnadal
16/2791	Surnadal	KDP Todalsfjord		x	Områdeplan Felles m Sunndal
20/5925	Surnadal	KDP Kultur		x	Temaplan
20/5820	Surnadal	KDP Næring		x	Temaplan
20/1096	Vanylven	KDP kulturarv		X	
15/6345	Molde	KDP-E39 Julbøen-Molde		X	Områdeplan - Nytt alt. 4
20/6512	Volda	KDP Volda sentrum mv.		X	Områdeplan 2.g.
18/1535	Sykylven	Løypeplan Nysætervatn		X	
21/1113	Ålesund	Overordna strategiar		X	Kopling til KP samf jf. 20/2169
21/1146	Molde	Boligpolitisk plan		X	Kopling til KPS og KP samf
19/4075	Ulstein	KDP Levekår	X		
20/081	Herøy	KDP Idrett og friluftsliv	X		
21/1279	Aukra	KDP omsorg		X.	
21/2090	Hareid	KDP Helse og omsorg	X		Temaplan?
21/2208	Kr.sund	KDP helse og omsorg		X	
21/2767	Molde	KDP Helse og omsorg			
21/3723	Sula	KDP Helse og omsorg		X	Rullering
21/3243	Tingvoll	KDP Naturmangfold	X		
21/3312	Sande	KDP område	X		Rovdefjordsambandet
21/3869	Ulstein	KDP Landbruk		X	
21/3434	Ulstein	KDP Trafikktrygging	X		
19/4655	Aure	KDP Helse og omsorg		X	
21/3002	Ålesund	Interkom. Temaplan		X	Plan for areal, klima og transport i Ålesund-regionen PAKT
12/2457	Herøy	KDP Trafikktrygging	X		
21/4910	Surnadal	KDP Naturmangfold	X		
21/4943	Sunndal	KDP Naturmangfold	X		
19/6053	Aukra	KDP Klima og miljø		X	
21/2090	Hareid	KDP Helse og sosial		X	
21/5218	Fjord	KDP Energi og klima		X	
21/5119	Stranda	KDP Energi og klima		X	

Kommunedelplanar til høyring 2020 – 2021 ekspedert/oversendt

## Reguleringsplanar til høyring; kommuneoversikt 2020 - 2021


Reguleringsplanar omfattar to typar; områderegulering og detaljregulering.

Ein reguleringsplan består av eit plankart med tilhøyrande planføresegner (-bestemmelser) og planomtale. Reguleringsplan med tilhøyrande føresegn viser bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgivnader, jf. plan- og bygningslova § 12-1. Detaljeringsgraden er avhengig av formålet med planen, og om det er behov for vidare detaljering for deler av planen når utbyggingstidspunktet nærmar seg. Gjennom reguleringsplan blir det fastsett korleis, og til kva formål, areala innanfor planen kan utnyttast og eventuelle vilkår knytt til bruken.

Reguleringsplanen skal følge opp føringer lagt i kommuneplanen. Det er krav om reguleringsplan direkte i lova for store tiltak. I tillegg kan det fastsettast krav om reguleringsplan i kommuneplanens arealdel. Det lovbestemte kravet om reguleringsplan gjeld for gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jf. plan- og bygningslova § 12-1. Det må også vurderast om reguleringsplanar vil utløyse krav om konsekvensutgreiing, her under om det er krav til planprogram. Kravet om konsekvensutgreiing er heimla i § 4-2 med tilhøyrande forskrift. Kva reguleringsplanar som er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar er nærmere omtalt i pkt. 2.7. I den kommunale planstrategien kan kommunen ta stilling til kva reguleringsplanar kommunen sjølv, eller i samarbeid med andre, vil utarbeide i kommunestyreperioden.

Statistikken viser at det er flest detaljreguleringsplanar, og desse er i all hovudsak utarbeidd av private aktørar. Tabellen under viser kommunevis fordeling av ekspedisjonar knytt til reguleringsplansaker i 2020 og 2021. Dei 326 reguleringsplansakene i 2021 fordeler seg på 114 saker til oppstart og 222 til offentleg høyring. Det er knytt motsegn til 57 reguleringsplansaker; dette utgjer om lag 27 prosent av reguleringsplansakene som er sendt til offentleg høyring.

Talet på reguleringsplansaker samla i 2021 ligg lågare enn fjaråret. Forholdet mellom saker til oppstart og saker til offentleg høyring har endra seg; det er i år fleire saker til oppstart, men færre til offentleg høyring. Andel saker som det er reist motsegn til utgjer 27 prosent, er det same som i fjar.



Figur 2.1 Reguleringsplan i det kommunale plansystemet

	2020 11.01- 30.06	2020 01.07- 31.12	<b>2020 01.01–31.12</b>		2021 11.01- 30.06	2021 01.07- 31.12	<b>2021 01.01–31.12</b>
<b>Aukra</b>	3	4	<b>7</b>		3	4	<b>7</b>
<b>Aure</b>	8	4	<b>12</b>		8	9	<b>17</b>
<b>Averøy</b>	4	1	<b>5</b>		2	10	<b>12</b>
<b>Fjord</b>	3	4	<b>7</b>		5	2	<b>7</b>
<b>Giske</b>	11	8	<b>19</b>		6	3	<b>9</b>
<b>Gjemnes</b>	1	1	<b>2</b>		1	1	<b>2</b>
<b>Hareid</b>	0	2	<b>2</b>		2	3	<b>5</b>
<b>Herøy</b>	5	10	<b>15</b>		3	10	<b>13</b>
<b>Hustadvika</b>	9	4	<b>15</b>		6	7	<b>13</b>
<b>Kristiansund</b>	16	10	<b>26</b>		10	3	<b>13</b>
<b>Molde</b>	20	18	<b>38</b>		27	14	<b>41</b>
<b>Rauma</b>	4	6	<b>10</b>		4	3	<b>7</b>
<b>Sande</b>	1	4	<b>5</b>		3	3	<b>6</b>
<b>Smøla</b>	8	4	<b>12</b>		3	6	<b>9</b>
<b>Stranda</b>	4	4	<b>8</b>		2	4	<b>6</b>
<b>Sula</b>	15	5	<b>20</b>		11	18	<b>29</b>
<b>Sunndal</b>	2	4	<b>6</b>		11	3	<b>14</b>
<b>Surnadal</b>	3	1	<b>2</b>		2	1	<b>3</b>
<b>Sykkylven</b>	6	6	<b>12</b>		8	2	<b>10</b>
<b>Tingvoll</b>	1	1	<b>2</b>		3	1	<b>4</b>
<b>Ulstein</b>	3	6	<b>9</b>		7	6	<b>13</b>
<b>Vanylven</b>	0	3	<b>3</b>		4	2	<b>6</b>
<b>Vestnes</b>	2	3	<b>5</b>		10	5	<b>15</b>
<b>Volda</b>	11	7	<b>18</b>		8	1	<b>9</b>
<b>Ørsta</b>	11	3	<b>14</b>		9	3	<b>12</b>
<b>Ålesund</b>	32	28	<b>61</b>		30	15	<b>45</b>
<b>T.s. alle kom.</b>	<b>186</b>	<b>153</b>	<b>339</b>		<b>188</b>	<b>138</b>	<b>326</b>
Oppstart + Høyring	57 + 129	40 + 113	<b>97 + 242</b>		57 + 131	<b>57 + 91</b>	<b>114 + 222</b>
Planar med motsegn			<b>65</b>				<b>57</b>

Tabell: Kommunale plansaker SFMR 2020 og 2021 Reguleringsplanar

Vi ser at det er store skilnader i planaktiviteten kommunane i mellom. Store folkerike kommunar har naturleg nok oftest større planaktivitet enn dei små. Ikke uventa ligg planaktiviteten i den nye storkommunen Ålesund på topp. Men også mellomstore folkerike kommunar elles, merkar seg ut. Mange småkommunar kan periodevis også ligge høgt på statistikken. Dette kan m.a. omfatte kommunar med stort innslag av hytte-/fritidsbusetnad.

### 3. Kommunal planstrategi og kommuneplanen som verktøy

#### Nasjonale forventningar


Regjeringa skal kvart fjerde år legge fram [nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#) for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet, jf. plan- og bygningslova § 6-1. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane, og ligg til grunn for dei statlege myndighetene sin medverknad i planlegginga. Formålet med dei nasjonale forventningane er retta mot følgjande forhold:

- det peikar på mål, oppgåver og interesser som regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunen og kommunane legg vekt på i si planlegging etter pbl i den komande 4-årsperioden (2019 – 2023)
- det skal leggast til grunn for dei nye fylkestinga og kommunestyra sitt arbeid med regionale og kommunale planstrategiar og for statleg medverknad i planlegginga
- det skal medverke til ei styrking av samanhengen mellom plannivåa
- det er ikkje uttømmande, men må sjåast i samanheng med gjeldande regelverk og rettleiing

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023](#) vedtatt ved kgl. res. 14.05.2019, legg viktige rammer og føringar planleggings- og utviklingsarbeid i kommunar og fylkeskommunar. Regjeringa legg her vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- *å skape eit berekraftig velferdssamfunn*
- *å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning*
- *å skape eit sosialt berekraftig samfunn*
- *å skape eit trygt samfunn for alle*

Regionale og lokale myndigheter har sentrale oppgåver med å handtere desse utfordringane.



## **FNs berekraftsmål skal legge rammer og føringer for regional og kommunal planlegging**

Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane, og ligg til grunn for dei statlege myndighetene sin medverknad i planlegginga. Nye [nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023](#) peikar på at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har sluttat seg til, skal vere grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Berekraftsmåla vil i tråd med dette vere retningsgivande i samband med planstrategiarbeidet, og slik legge tydelege føringer for det vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel med handlingsplan som følgjer budsjett og økonomiplanarbeidet.

**Statsforvaltaren har i 2020 og 2021 prioritert tett oppfølging av det strategiske kommuneplanarbeidet – og vil følge dette opp vidare i 2022.** Ei viktig oppgåve er å medverke til at kommunane får på plass eit velfungerande plansystem. Med utgangspunkt i vedtekne kommunale planstrategiar for perioden 2019 – 2023 har dei fleste kommunane gjennomført revisjon og oppdatering av sine overordna kommuneplanar.

**Nye [nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023](#) har peika på at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har sluttat seg til, skal vere grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.** Berekraftsmåla har vore retningsgivande for kommunane sitt [planstrategiarbeid](#) i planperioden. Dette legg tydelege føringer for det vidare arbeidet med [kommuneplanens samfunnsdel](#), og med handlingsdel som følgjer budsjett- og økonomiplanarbeidet. Kommuneplanens samfunnsdel vil vidare danne grunnlag for utdjuping av delmål og prioriterte satsingsområde gjennom utarbeiding av kommunedelplanar, temaplanar og overordna strategiar. Samfunnsdelen vil også kunne innehalde ein overordna arealstrategi med viktige rammer og føringer for det vidare arbeidet med [kommuneplanens arealdel](#).

**Eit samla utfordringsbilde, i kombinasjon med eit oppdatert kunnskapsgrunnlag, er eit viktig utgangspunkt for alt arbeid med kommunalt plan- og utviklingsarbeid.**

Fylkeskommunens arbeid med [Regional planstrategi](#) og [Fylkesplan for berekraftsfylket Møre og Romsdal](#) vil her vere ein nyttig referanse. Nye utgåver av [Fylkesstatistikk](#), [Kommunestatistikk](#) og [Folkehelsestatistikk](#) samt dokumentet [Utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal mot 2030](#) er ei viktig kunnskapskjelde for vidare planarbeid. SFMR har i samband med dette utarbeidd fylkeskart med lenker til relevant statistikk over [kommunedata](#) knytt til 15 ulike tema-/fagområde.


**Ved utgangen av 2020 hadde 25 av dei 26 kommunane i vårt fylke utarbeidd utkast til planstrategi for perioden 2020 – 2023; berre Stranda mangla.** Dette er også status pr. i dag (31.12.2021). Arbeidet med kommunal planstrategi og utarbeiding av planprogram for kommuneplanens samfunnsdel vil kunne leggast opp som parallelle prosessar. Vi har understreka behovet for ei tett kopling mellom desse plandokumenta og peika på korleis dette kan vidareførast i den vidare planprosessen knytt til kommuneplanen. Mange kommunar (11 av 26) har i tråd med dette kopla planstrategiarbeidet direkte til oppstartmelding og planprogram for arbeid med kommuneplanens samfunnsdel.

**Ved utgangen av 2021 har 19 kommunar meldt oppstart av arbeid med rullering av kommuneplanens samfunnsdel, og 13 av desse har også fått utarbeidd og oversendt planutkast til offentleg høyring.** Dersom kommuneplanens samfunnsdel skal vere eit viktig


lokalpolitisk styringsverktøy, slik plan- og bygningslova og kommunelova legg til grunn, stiller dette krav om at planen må vere direkte knytt opp til valperiodane og vedtakast tidleg i perioden. Nokre kommunar har allereie gjort politisk vedtak av ny samfunnsdel, medan andre har signalisert at vedtak blir gjort i løpet av første halvår 2022.

### **Alle fagavdelingane/fagstabane hos SFMR leverer innspel til våre høyningsfråsegner.**

Statsforvaltarens rolle og fagansvar knytt til kommunalt plan- og utviklingsarbeid er elles nærmere omtalt i vårt [Forventningsbrev til kommunane i Møre og Romsdal for 2021](#). Status, utviklingstrekk og utfordringar på ulike fagområde blir her gjennomgått. Dette gir viktige rammer og føringar for kommunane sitt vidare planarbeid.



Figur: Det kommunale plansystemet – prisippskisse med oversikt over ulike plantypar, nivå, koplingar og prosessar.



Figur 4: Kommunal planstrategi.

Figuren viser koplingane mellom kommunal planstrategi, planprogram og kommuneplan med samfunns- og arealdel (kjelde: KMD)

### **Vidare arbeid med kommuneplanen vil kunne forankrast i utvalde berekraftsmål.**

Utgreiings- og kartleggingsarbeid viser at arbeidet med berekraftsmåla i norske kommunar og fylkeskommunar framleis er i ein tidleg fase. Arbeidet er også så langt i hovudsak knytt til eit meir overordna strategisk nivå. Det er også store skilnader kommunane og fylkeskommunane i mellom kor langt dei har kome i implementeringsarbeidet.

Alle kommunane i Møre og Romsdal er del av [Berekraftfylket Møre og Romsdal](#). Gjennom denne satsinga har kommunane forplikta seg til å ta del i FN-programmet U4SSC – United for Smart Sustainable Cities. Ein sentral del av dette programmet er å gjennomføre ei lokal kartlegging – ei såkalla KPI-analyse. Denne omfattar 107 indikatorar som måler status på berekraft i kvar kommune. Kartlegginga byggjer på FN sine berekraftsmål med sine tre hovuddimensjonar knytt til sosia, økonomisk og miljømessig berekraft. Dei tre dimensjonane er vidare delt inn i 7 sub-dimensjonar og 23 kategoriar

I samarbeid med satsinga [Berekraftfylket Møre og Romsdal](#), og med finansiering frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, har alle kommunane i fylket utarbeidd eigne kommunespesifikke [KPI-rapportar](#).

Rapportane vil kunne inngå som del av eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med utfordringsbilde, mål, strategiar og tiltak i kommuneplanen. Implementering av berekraftsmåla i det vidare planarbeidet vil vidare kunne utdjupast og konkretiserast på bakgrunn av nærmere kartlegging, drøfting og analyse av lokale berekraftsindikatorar (KPI).

## Samla resultat Møre og Romsdal – alle kommunar




## Kommuneplanstatus pr.31.12.2019 - store variasjonar kommunane i mellom

Kommuneplanens rolle som strategisk styringsverktøy stiller krav om eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. Kommuneplanens samfunnssdel vil her naturleg danne rammer og retningslinjer for vidare arbeid med arealdelen. Tabellen og karta under gir eit tilbakeblikk med status for kommunale planar ved utgangen av førre planperiode, og med referanse til den tidlegare kommunestrukturen med 36 kommunar i Møre og Romsdal.


Vi ser her at det er store variasjonar kommunane i mellom når det gjeld kor oppdaterte planar dei har. Ny kommuneplanar vedtatt i løpet av planperioden 2016 – 2019 er markert i tabellen og figurane med grøn farge. Vi ser også at nokre kommunar har starta rullerings-/revisjonsarbeid knytt til sine planar. Dette er markert i tabellen ned gul farge. Men vi ser også at fleire kommunar har gamle og utdaterte planar.

### Kommuneplanens samfunnssdel



Kart som viser siste vedtatte samfunnssplan

### Kommuneplanens arealdel



Kart som viser siste vedtatte arealplan

Status pr. 31.12.2019 for vedtak av Kommuneplan (**samfunns-** og **areal****del**) - kommuneoversikt

Kommune	Status gjeldande K-plan; vedtak pr.31.12.2019	
	<b>Samfunnsdel</b>	<b>Arealdel</b>
Aukra	2019	2017
Aure	2008	2017
Averøy	2015	2017
Eide	2005	2005
Fræna	2005	2014
Giske	2014	2018
Gjemnes	2003	2019
Halsa	2012	1998
Haram	2007	1999
Hareid	2006	2012
Herøy	2013	2014
Kristiansund	2017	2011
Midsund	2011	1997
Molde	2016	2016
Nesset	2012	2012
Norddal	2007	2011
Rauma	2018	**2003
Sande	2009	2015
Sandøy	2011	2015
Skodje	2016	2019
Smøla	2007	2008
Stordal	2014	2003
Stranda	2019	1992
Sula	2011	2015
Sunndal	2014	2019
Surnadal	2014	2017
Sykylven	2011	2013
Tingvoll	2014	2015
Ulstein	2017	2019
Vanylven	2009	2014
Vestnes	2015	2015
Volda	2016	**1990
Ørskog	2007	2006
Ørsta	2012	**1991
Ålesund	2016	2017
*MR fylkeskommune	Fylkesplan 2017 - 2020	

Tabell: Kommuneplanoversikt – alle kommunane i Møre og Romsdal

- Status vedtaksår for gjeldande Kommuneplan
  - Ingen markering/farge for plan vedtatt før 2011
  - **Markering brunt** for plan vedtatt 2011 - 2015
  - **Markering grønt** for plan vedtatt 2016 - 2019
  - **Merking gult** for rulleringsarbeid igangsett

\* MR fylkeskommune; Regional planstrategi 2016 – 2020

\*\* KP arealdel med seinare oppdatert kommunedelplan for sentrumsområde

**Ny runde med kommunale planstrategiar er gjennomført i 2020 og 2021**

I Møre og Romsdal har vi etter kommunereforma fått redusert talet på kommunar frå 36 til 26. På bakgrunn av kommunesamanslåingar har vi frå 1. januar 2020 fått fem nye kommunar; nye Volda, nye Ålesund, Fjord, nye Molde og Hustadvika. To kommunar, Rindal og Halsa, har gått over til Trøndelag, medan Hornindal vart slått saman med Volda kommune. Det nye kommunekartet viser store variasjonar kommunane i mellom i høve til m.a. demografi, areal, sentralitet og næringsstruktur. Fylket har gått frå 18 til 9 kommunar med færre enn 5000 innbyggjarar.

Kommunane i fylket har i løpet av 2020 og 2021 utarbeidd og gjort vedtak knytt til sine kommunale planstrategiar for planperioden 2020 – 2023. Mange kommunar har kopla planstrategiarbeidet direkte til oppstartsmelding/planprogram for kommuneplanens samfunnsdel, og med signal om vedtak av ny KP samfunnsdel i løpet av 2021.

### **Revisjon av kommuneplanens samfunnsdel**

Statsforvaltaren ser positivt på at kommunane tidleg i planperioden har starta arbeidet med revisjon av kommuneplanen. Så langt har 19 kommunar meldt oppstart av arbeid med rullering av KP samfunnsdel. Vi ser vidare at 11 av desse kommunane seinare har fått utarbeidd planutkast til offentleg høyring, og i etterkant av dette også fått vedtatt desse planane politisk. Dersom KP samfunnsdel skal vere eit viktig lokalpolitisk styringsverktøy, slik plan- og bygningslova og kommunelova legg til grunn, stiller dette krav om at planen må vere direkte knytt opp til valperiodane og vedtakast tidleg i perioden.

Alle fagavdelingane/fagstabane hos SFMR leverer innspel til våre høyringsfråsegner. For ein nærmare gjennomgang av Statsforvaltarens rolle og ansvarsoppgåver knytt til kommunalt plan- og utviklingsarbeid viser vi til [Statsforvaltaren sitt forventningsbrev til kommunane 2021 Møre og Romsdal](#) Dokumentet gir viktige rammer og føringar for kommunens vidare arbeid med den kommunale planstrategien og kommuneplanens samfunnsdel.

Tabellen under viser status for framdrift i kommunane sitt arbeid med utarbeiding av kommunale planstrategiar for planperioden 2020 – 2023, samt arbeid knytt til oppstart og rullering av kommuneplanen samfunnsdel.

### **Kommuneplanen som strategisk styrings- og utviklingsverktøy er styrka**

Oppsummert kan vi slå fast at kommunane i langt større grad enn tidlegare har fått utarbeidd og gjort vedtak om kommunal planstrategi tidleg i planperioden. Mange har kopla dette direkte til oppstart og planprogram for vidare arbeid med rullering av kommuneplanens samfunnsdel. Vidare ser vi at kommunane gjennom planstrategiarbeidet har understreka behovet for å få på plass ein oppdatert kommuneplan. Fleire kommunar har i tråd med dette ambisjon om å få vedtatt samfunnsdel med handlingsplan knytt til økonomiplan og overordna arealstrategi med rammer og føringar for vidare arbeid med kommuneplanens arealdel.

Samanlikna med situasjonen i førre planperiode viser dette at dei fleste kommunane i løpet av denne planperioden vil kunne utvikle og på plass eit oppdatert kommuneplansystem, og gjennom dette fått styrka kommuneplanens rolle som eit strategisk styringsverktøy.

**Kommunal planstrategi (KPS) 2019 - 2023**  
**Kommuneplanens samfunnsdel (KP samf)**

Kommune	KPS status pr. 31.12.2021	KP samf status pr. 31.12.2021	Merknad
	X=KPS	X=planprogram	KP samf status pr. 31.12.2021
	XX=KPS+pp KPsamf	XX=off.høyring	
<b>Aukra</b>	x		KP samf 2019 blir videreført
<b>Aure</b>	x	xx	KP samf 2008 NY 20/21
<b>Averøy</b>	xx	xx	KP samf 2015 NY 20/21
<b>Fjord*</b>	xx	xx	KP samf *N.2007/*S.2014 NY 20/21
<b>Giske</b>	xx	x	KP samf 2014
<b>Gjemnes</b>	xx	xx	KP samf 2003 NY 20/21
<b>Hareid</b>	x	x	KP samf 2006
<b>Herøy</b>	x	xx	KP samf 2013 NY 20/21
<b>Hustadvika*</b>	x	xx	KP samf *E.2005/*F.2005 NY 20/21
<b>Kristiansund</b>	xx	xx	KP samf 2017 NY 20/21
<b>Molde*</b>	x	xx	KP samf *Mo.2016/*Mi2011/ *N.2012 NY 20/21
<b>Rauma</b>	x		KP samf 2018 bli videreført
<b>Sande</b>	x	x	KP samf 2009
<b>Smøla</b>	xx	xx	KP samf 2007 NY 20/21
<b>Stranda</b>			KP samf 2019 bli videreført?
<b>Sula</b>	x		KP samf 2011 bli videreført?
<b>Sunndal</b>	xx	xx	KP samf 2014 NY 20/21
<b>Surnadal</b>	xx	xx	KP samf 2014 NY 20/21
<b>Sykylven</b>	xx	x	KP samf 2011
<b>Tingvoll</b>	xx	xx	KP samf 2014 NY 20/21
<b>Ulstein</b>	x		KP samf 2017
<b>Vanylven</b>	x		KP samf 2009
<b>Vestnes</b>	xx	x	KP samf 2015
<b>Volda</b>	x	x	KP samf *V.2016/*H.2004
<b>Ørsta</b>	x		KP samf 2012 blir videreført
<b>Ålesund</b>	x	xx	KP samf *Å.2016/*H.2007/*Sa.2011/ *Sk.2016/*Ø.2007 NY 20/21
<b>T.s. alle kom.</b>	<b>25 / 11</b>	<b>19 / 13</b>	

**Vi ser av tabellen at:**

- 25 av 26 kommunar har utarbeidd kommunal planstrategi for planperioden 2020 – 2023
- 11 kommunar har kopla planstrategiarbeidet direkte til planprogram for KP samfunnsdel
- 19 kommunar har meldt oppstart og utarbeidd planprogram til KP samfunnsdel
- 13 av dei 19 kommunane har vidare utarbeidd og oversendt ny KP samfunnsdel til off.høyring - og fleire av desse har også i etterkant gjort politisk vedtak av ny plan
- to kommunar viderefører KP samfunnsdel frå 2019
- fem kommunar viderefører KP samfunnsdel vedtatt før 2019

Vi ser vidare at fleire kommunar har samarbeidd om eit felles kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilde i samband med planstrategiarbeidet. Vi har også sett eksempel på at kompetanse og kapasitet vil kunne styrkast gjennom ulike nettverkssamarbeid. Kommunane har elles gjennom sitt planarbeid i 2020 lagt FNs berekraftsmål til grunn for vidare drøfting og formulering av lokale mål, strategiar og tiltak.

Statsforvaltaren vil i 2021 prioritere vidare oppfølging av det strategiske planarbeidet i kommunane gjennom prosessane knytt til rullering og revisjon av kommuneplanens samfunnsdel. Viktige rammer og føringar vil her kunne leggast både gjennom ein eigen handlingsdel med kopling til kommunens økonomistyringssystem, og gjennom utarbeiding av ein overordna arealstrategi med rammer og føringar for kommuneplanens arealdel.

For dei fem nye samanslåingskommunane vil kommuneplanens arealdel frå dei «gamle» kommunane bli videreført som kommunedelplanar for delområde i den nye kommunen i tråd med dei gamle kommunegrensene. Desse delplanane vil gjelde til den nye kommunen får på plass ein ny samla arealdel utarbeidd på bakgrunn av ny samfunnsdel med overordna areal-/utbyggingsstrategi.

#### **Oppdatert status for kommuneplanens samfunns- og arealdel pr. 31.12.2021**

Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Dersom kommuneplanen skal tene som eit viktig strings- og utviklingsverktøy må planane haldast oppdaterte.

Som tidlegare påpeika i årsrapporten har dei fleste kommunane ved utgangen av 2021 fått på plass ein oppdatert versjon av kommuneplanens samfunnsdel. Denne vil legge viktige rammer og føringar for det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Kommuneplanens arealdel viser i langt større grad variasjonar i alder. Nokre kommunar har fått på plass relativt nye arealplanar i løpet av inneverande eller førre planperiode. Men vi ser samstundes at fleire kommunar også har gamle og utdaterte arealplanar. I lys av dette, og på bakgrunn av nye oppdaterte samfunnsplanar, ser vi no at fleire kommunar varsler oppstart av arbeid knytt til revisjon av kommuneplanens arealdel.

Tabellen under viser med referanse til alle våre 26 kommunar samla status pr. 31.12.2021 for vedtaksår for kommuneplanens samfunns- og arealdel.

## Status KP samfunns- og arealdel – kommuneoversikt pr. 31.12.2021

Kommune	KP samf status pr. 31.12.2021	KP areal status pr. 31.12.2021	Merknad KP samf status pr. 31.12.2021
Aukra	2019	2017	KP samf 2019 blir vidareført
Aure	2021	2017	KP samf 2008 NY 20/21
Averøy	2021	2017	KP samf 2015 NY 20/21
Fjord*	2021	X	KP samf *N.2007/*S.2014 NY 20/21
Giske	2014/2021	2018	KP samf 2014
Gjemnes	2021	2019	KP samf 2003 NY 20/21
Hareid	2006/2021	2012	KP samf 2006
Herøy	2021	2014	KP samf 2013 NY 20/21
Hustadvika*	2021	X	KP samf *E.2005/*F.2005 NY 20/21
Kristiansund	2021	2019	KP samf 2017 NY 20/21
Molde*	2021	X	KP samf *Mo.2016/*Mi2011/ *N.2012 NY 20/21
Rauma	2018	2003	KP samf 2018 bli vidareført
Sande	2009/2021	2015	KP samf 2009
Smøla	2021	2008	KP samf 2007 NY 20/21
Stranda	2019	2020	KP samf 2019 bli vidareført?
Sula	2014	2015	2019KP samf 2011 bli vidareført?
Sunndal	2021	2019	KP samf 2014 NY 20/21
Surnadal	2021	2017	KP samf 2014 NY 20/21
Sykylven	2011/2021	2013	KP samf 2011
Tingvoll	2021	2015	KP samf 2014 NY 20/21
Ulstein	2017	2019	KP samf 2017 blir vidareført?
Vanylven	2009	2014	KP samf 2009 blir vidareført?
Vestnes	2015/2021	2015	KP samf 2015
Volda*	2021	X	KP samf *V.2016/*H.2004
Ørsta	2012	1991	KP samf 2012 blir vidareført
Alesund	2021	X	KP samf *Å.2016/*H.2007/*Sa.2011/ *Sk.2016/ *Ø.2007 NY 20/21

Ny K-plan vedtatt i planperioden 2019 - 2023
Oppstart/planprogram KP samfunns-/arealdel
Tidlegare vedtatt KP samfunnsdel (før 2019) blir vidareført (- ingen varsel om ny rullering)

**Merk:** Ingen av dei fem nye samanslåtte kommunane har så langt utarbeidd utkast til ny KP arealdel. Tidlegare vedtatt KP arealdel for dei «gamle» kommunane blir her vidareført som kommunedelplanar for delområde i ny kommune.

## 4. Motsegn

Statlege og regionale organ kan fremje motsegn (innsigelse) mot kommunale planar som er i strid med nasjonale interesser. Statsforvaltaren grip inn i kommunal arealforvaltning ved å varsle eller fremje motsegn, og ved å klage på vedtak i dispensasjonssaker.

Av reglane for motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova framgår det m.a. at:

- Kommunen har ansvar for at nasjonale og regionale interesser blir tatt omsyn til i planlegginga.
  - Statlege og regionale organ skal medverke i planarbeidet slik at desse interessene vert innarbeidd i planane. Reglane om motsegn skal sikre at kommunane ikke vedtar planar i strid med nasjonal eller regional politikk.
- Når det ligg føre ei motsegn til eit planforslag kan ikkje kommunen vedta planen.
  - Saka kan gå vidare, anten ved at kommunane endrar planen, det vert gjennomført mekling eller at planen går direkte til avgjerd i Miljøverndepartementet.
- Dersom kommunen tek motsegna til følgje og endrar planen må dei sende det reviderte planutkastet til etaten som har fremja motsegna.
  - Motsegna skal vere trekt formelt (skriftleg) før kommunen kan vedta (eigengodkjenne) planen.

For regelverk og prosedyrar om motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova kan det visast til eige rundskriv [Rundskriv H-2/14](#); *Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven*. For ei nærmare utdjuping av miljøinteresser av nasjonal og vesentleg regional betydning, kan det visast til [Rundskriv T-2/16](#) frå Klima- og miljødepartementet; *Nasjonale og regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens praksis*

### Motsegner fordelt på plantypar

I løpet av første halvår 2021 har SFMR reist motsegn til i alt 44 planar. Dette fordeler seg med 41 reguleringsplansaker og 3 kommuneplansaker. Talet på motsegnsaker i første halvår 2021 ligg om lag på nivå med fjaråret. I høve talet på arealplansaker samla, utgjer motsegnsakene ein relativt liten del. For reguleringsplansaker er det knytt motsegn til om lag 30 prosent av sakene. Dette talet ligg litt høgare enn gjennomsnittet for dei siste åra.

	Første halvår		Andre halvår		2020	2021
	2020	2021	2020	2021		
Kommuneplan - arealdel	0	3	11	0	6	3
Reguleringsplan	33	41	32	16	65	57
Planar med motsegn samla	33	44	43	16	71	60

I forhold til kommuneplanens arealdel vil det oftest vere knytt motsegn både til ulike tema og delområde i samband med første gangs offentleg høyring. Omfanget og kompleksiteten i slike overordna planar tilseier at det her meir unntaksvise vil vere planar utan motsegn.

Statsforvaltaren har oppmoda kommunen til å gå i vidare dialog med motsegnsinstansane for å finne løysingar utan å gå vegen direkte om formell mekling. Talet på arealplansaker til mekling har i tråd med dette gått kraftig ned i løpet av dei siste åra.

Det er også viktig å understreke at storparten av motsegnene omfattar s.k. «tekniske motsegner». Motsegnsgrunnlaget er her gjerne knytt til faglege/formelle manglar i samband med kunnskapsgrunnlaget og/eller planprosessen. Denne typen motsegner vil i praksis greitt kunne rettast opp gjennom vidare dialog mellom partane.

### **Motsegner fordelt på plantema**

Til same plan kan det vere fremma fleire motsegner ut frå ulike tema/fagområde. Særleg gjeld dette kommuneplanar. Dersom ein tar utgangspunkt i typar plantema det er knytt motsegn til i samband med alle kommune(-del)planar og reguleringsplanar, fordeler dette seg på 3 saker knytt til kommune(del)-planar og 57 reguleringsplansaker).

Når det gjeld motsegnstema er det kategoriane *Barn og unge*, *ROS/Samfunnstryggleik/Klima*, og *Forureining/Støy* som oftest går igjen. Kommuneplansakene vil oftest omfatte fleire motsegnspunkt knytt til ulike plantema, men gjerne også fleire motsegnspunkt knytt til same tema. T.d. vil det kunne reisast motsegn på grunn av jordvern knytt til fleire delområde i planen. Motsegn knytt til same tema for ulike delområde i planen vil ikkje bli fanga opp av statistikken.

<b>Planar med motsegn</b>	<b>KP motsegn N=3</b>	<b>RP motsegn N=57</b>	<b>Motsegn samla KP + RP 60</b>
<b>Tema for motsegn</b>			
Planfagleg/KU	2	5	7
Naturmangfold	1	9	10
Landskap			
Friluftsliv			
Grønstruktur			
Strandsone		9	9
Vassdrag		1	1
Barn og unge	2	16	18
Folkehelse			
Universell utforming			
Landbruk	2	2	4
BATP/klima			
ROS/samf.tryggleik/klima	1	21	22
Forureining /Støy	2	20	22
Kjøpesenter/senterstruktur			
Anna			
<b>Samla tal motsegnstema</b>	<b>11</b>	<b>83</b>	<b>94</b>

Tabell: Motsegner fordelt på plantema 2021

Tendensen/mønsteret for 2021 er her langt på veg samanfallande med tidlegare års statistikk. Dette omfattar både i forhold til tema fordelt på merknader og på motsegner.

Mange av motsegner har elles preg av å vere av meir «plan-teknisk» karakter. Typisk her er manglar eller uklare punkt knytt til kunnskapsgrunnlag, plankart eller planføresegner. På bakgrunn av Statsforvaltarens høyringsbrev er dette forhold i planen som raskt blir retta opp gjennom vidare oppfølging og dialog mellom partane. Nær alle saker med motsegn blir i tråd med dette løyst underveis i planprosessen utan at saka blir tatt til formell mekling. Tabellen under viser motsegner fordelt på ulike plantema for perioden 2015 – 2021.

	Motsegn samla Kommuneplan (KP) + Reguleringsplan (RP)						
År	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>Planar med motsegn</b>	<b>N=58</b>	<b>N=79</b>	<b>N=83</b>	<b>N=69</b>	<b>N=80</b>	<b>N=71</b>	<b>N=60</b>
<b>Tema for motsegn</b>							
Planfagleg/KU	8	9	17	11	15	7	7
Naturmangfold	15	12	21	13	10	10	10
Landskap							
Friluftsliv/ Grønstruktur							
Strandsone	9	8	12	4	4	6	9
Vassdrag	0	1	1	0	3	0	1
Barn og unge	33	30	17	14	19	33	18
Folkehelse	0	0	5	0	0	1	0
Universell utforming	0	0	0	0	0	0	0
Landbruk	6	1	3	5	13	3	4
BATP/klima	2	0	1	5	2	0	0
ROS/samf.tryggleik/klima	20	21	28	25	53	31	22
Forureining /Støy	31	22	33	25	25	29	22
Kjøpesenter/senterstruktur	1	0	1	1	1	0	0
Anna		0	0	0	1	0	0
<b>Samla tal motsegnstema</b>	<b>118</b>	<b>117</b>	<b>138</b>	<b>101</b>	<b>146</b>	<b>120</b>	<b>94</b>

Tabell: Motsegner fordelt på plantema 2015 - 2021

### Talet på motsegner fordelt etter kommunar

Oversikta under viser at talet på motsegner varierer kommunane i mellom. Kommunar med stor planaktivitet/mange planar vil naturleg nok såleis ha større sjanse for å plassere seg i toppen av lista enn kommunar med få/ingen plansaker til høyring. Men her er det også ei rekke andre faktorar som spelar inn. Dette gjeld m.a. vurderingar knytt både til omfang, kompleksitet og kvalitet knytt til dei enkelte planane. Vilkår og alternativ for utvikling og utbygging av området, samt initiativ frå utbyggjarar/tiltakshavarar vil også kunne variere. For reguleringsplanane sin del er meir enn 90 prosent av planane utarbeidde av private aktørar/konsulentar. Dette omfattar i all hovudsak detaljreguleringar. Kommunane som planmyndigkeit har likevel ei viktig rolle med tanke på kontroll og godkjenning av desse. Spørsmål om både kapasitet og kompetanse i den kommunale plansaksbehandlinga er såleis viktig.

Regjeringa har som målsetting at talet på motsegner skal ned. Gode planprosessar og betre fagleg kvalitet på planane vil her vere ein viktig og avgjerande faktor. Frå Statsforvaltaren si side er det lagt vekt på god og tett kontakt undervegs i planprosessane. Over tid har Statsforvaltaren fått ei meir aktiv rettleiarrolle retta mot kommunane. Det er vidare lagt stor vekt på å løyse motsegner undervegs i planprosessen gjennom dialog og uformelle arbeids-/drøftingsmøte. Så godt som alle motsegner blir som eit direkte resultat av dette løyst utan å gå vegen om mekling.

*Talet på motsegner fordelt etter kommunar.*

#### Kommunestatistikk plansaker 2021

#### Motsegn Kommuneplan (K/KDP) + Reguleringsplan (R); kommuneoversikt

	Første halvår 2021  01.01 – 30.06	Andre halvår 2021  01.07 – 31.12	2020  01.01. – 31.12.	2021  01.01 – 31.12
Aukra	2R			2R
Aure	6R		1R	6R
Averøy		1R	1R	1R
Fjord	1R	1R		2R
Giske	1R		5R	1R
Gjemnes	1R			1R
Hareid	1K + 1R	1R	1R	1K +2R
Herøy		4R	3R	4R
Hustadvika	1R	1R	3R	2R
Kristiansund	3R		2K + 5R	3R
Molde	7R	2R	1K + 7R	9R
Rauma	1R		1R	1R
Sande			2R	
Smøla			1K + 2R	
Stranda			1K	
Sula	3R	3R	5R	6R
Sunndal	1R			1R
Surnadal			1K + 2R	
Sykylven	1K		3R	1K +3R
Tingvoll	1R		1R	1R
Ulstein	1R			1R
Vanylven	1R		1R	1R
Vestnes	4R	1R	2R	5R
Volda	1K		4R	1K
Ørsta			2R	8R
Ålesund	6R	2R	14R	
T.s. alle kom.	3K + 41R	0k + 16R	6K + 65R	3K + 57R

Tabell: Motsegsaker SFMR fordelt på Kommune(del)- og Reguleringsplanar; kommuneoversikt

Arealplanar som omfattar viktige regionale eller nasjonale interesser, og elles der det er varsla motsegn, blir følgd opp med eigne synfaringar. Presentasjon og gjennomgang av planutkast vil elles vere tema på uformelle arbeidsmøte med kommunar, utbyggar, konsulentar eller andre aktørgrupper. Som del av samordningsforsøket vil Statsforvaltaren ofte her trekke med andre statlege aktørar. Statsforvaltaren vil elles også saman med fylkeskommunen kunne ta initiativ til slike arbeidsmøte. Kommunane vil i tillegg kunne legge plansaker fram i samband med regionalt planforum. Dette er ein nyttig felles arena der kommunane vil kunne få innspel og tilbakemeldingar frå både regionale og statlege planstyresmakter undervegs i planprosessen.

### **Samordning av motsegn frå regional stat til kommunale planar**

Tabellen under viser samla oversikt over samordning av motsegner frå statsetatane knytt til arealplansaker i perioden 01.04.2015 – 31.12.2021. Ordninga starta som eit forsøk, men vart gjort permanent frå 01.01.2018. Motsegnene er registrert på sak. I prinsippet vil det kunne vere fleire motsegnspunkt frå den aktuelle motsegnsetaten knytt til same sak. Dei fleste sakene som er omfatta av samordningsforsøket er knytt til reguleringsplanar, men det er også saker knytt til kommuneplanar og kommunedelplanar (område).

Som det framgår av tabellen har SFMR sjølv motsegn i dei fleste sakene som omfattar samordningsforsøket. Desse motsegnene er likevel ikkje rekna med i i oppsummeringskolonna til høgre. Motsegnene frå SFMR blir nærmere presentert i avsnittet under.

	<b>SVV</b>	<b>NVE</b>	<b>KV</b>	<b>FDIR</b>	<b>BNOR</b>	<b>AVINOR</b>	<b>MAT</b>	<b>SFMR</b>	<b>Eksterne</b>
2015	14	4	1	0	1	1	0	15	<b>21</b>
2016	17	1	0	0	0	2	1	14	<b>22</b>
2017	18	9	0	1	0	6	0	26	<b>32</b>
2018	14	14	0	0	0	2	0	24	<b>27</b>
2019	11	18	1	0	1	0	0	23	<b>27</b>
2020	6	14	0	0	0	1	0	17	<b>18</b>
<b>2021*</b>	<b>3</b>	<b>9</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>0</b>	<b>12</b>	<b>13</b>
<b>Samordning t.s. 2015 -2021</b>	<b>83</b>	<b>69</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>13</b>	<b>1</b>	<b>130</b>	<b>161</b>

*Tabell: Saker i ordninga med samordning av statleg motsegn 2015 – 2021*

*Forkortinger:*

*SVV = Statens vegvesen, NVE = Norges vassdrags- og energidirektorat, KV = Kystverket, FDIR = Fiskeri direktoratet BN = Bane Nor, MAT = Mattilsynet*

Tabellen viser at det i 2021 er registrert 13 saker knytt til samordning av statlege motsegner; 12 av desse er reguleringplansaker og 1 er knytt til kommuneplan. NVE har motsegn til 9, SVV til 3 og Avinor til 1 av desse sakene.

Som det også framgår av årsoversikta i tabellen over har SFMR sjølv motsegn i dei fleste sakene som omfattar oppdraget knytt til statleg samordning av motsegn. I 2021 utgjer dette alle dei 12 av dei i alt 13 sakene. Desse motsegnene er likevel ikkje rekna med i oppsummeringskolonna til høgre. Alle motsegnssakene frå SFMR blir nærmere presentert i avsnittet under.

## 5. Mekling

Når det ligg føre ei motsegn til eit planforslag kan ikkje kommunen vedta planen. Saka kan gå vidare, anten ved at kommunen endrar planen, det vert gjennomført mekling , eller at planen går direkte til avgjerd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). For meir om motsegn og mekling i plansaker etter plan- og bygningslova kan det visast til eit eige rundskriv [H-2/24 Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven](#) For ei nærmare utdyping av miljøinteresser av nasjonal og vesentleg regional betydning, kan det visast til Rundskriv [Rundskriv T-2/16](#) frå Klima- og miljødepartementet; *Nasjonale og regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens praksis*

### **Meklingsmøte**

Statsforvaltaren er meklingsinstans. I løpet av 2021 har det vore gjennomført to formelle meklingsmøte. Statsforvaltaren mottok likevel fleire førespurnader om mekling knytt til uavklarte motsegner både knytt til kommune- og reguleringsplansaker. Utan å gå direkte på formell mekling er det i større grad enn tidlegare opna for meir uformelle dialog-/forhandlingsmøte. Gjennom dette har ein lykkast å finne løysingar utan å ta saka til mekling.

Dei to meklingsmøta i 2021 omfattar:

- Kristiansund kommune - kommunedelplan for sentrum (sak 2017/4728). MR fylkeskommune hadde motsegn til fleire punkt i planen. Mekling vart gjennomført 26.03.2021. Meklinga førte fram og kommunen vil på bakgrunn av dette kunne eigengodkjenne planen.
- Volda kommune – kommunedelplan/områdeplan for avgrensing tilpassa «gamle» Volda kommune (sak 2020/6512). SFMR hadde motsegn til fleire delområde i planen. Meklinga førte delvis fram. Uavklarte motsegner vil her bli oversendt KMD for sluttbehandling etter nærmere politisk avklaring i kommunen.

### **Oversendingssaker til Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

Uavklarte motsegner blir oversendt Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Dei fleste oversendingssakene til departementet har vore gjennom ei formell meklingsrunde. Men det har også unntakvis vore motsegnssaker som etter uformelle drøftingar/arbeidsmøte. Etter nærmere samråd samråd med partane vil desse sakene kunne oversendast direkte til KMD. Alle oversendingssakene til KMD blir elles følgt opp gjennom eigne møte og synfaringar i samarbeid mellom KMD og Statsforvaltaren. Aktuelle fagdepartement og direktorat blir også involvert i den vidare saksbehandlinga, og desse leverer sine tilrådingar i saka til KMD. På bakgrunn av dette fattar KMD ved statsråden endeleg vedtak i saka. Vedtaket kan ikkje påklagast.

I 2021 har SFMR oversendt to uavklarte motsegnssaker til KMD. Dette omfattar:

- Kristiansund kommune – detaljregulering for Vikansvingen Rv70, område av innfartsvegen til Kristiansund sentrum (sak 2014/579). Statsforvaltaren reiste motsegn til planen ut frå interesser knytt til natur/miljøvern og barn og unge. Saka vart i samråd med partane oversendt departementet utan formell meklingsrunde.

- Volda kommune – kommunedelplan/områdeplan for avgrensing tilpassa «gamle» Volda kommune (sak 2020/6512).

I samband med den vidare saksbehandlinga i KMD har departementet gjennomført møte og fysisk synfaring med deltaking frå dei partane, samt aktuelle fagdepartement og direktorat. Begge dei to oversendingssakene er framleis under sluttbehandling i KMD.

Tabellen under viser aktuelle motsegnssaker oversendt KMD i løpet av perioden 2012 – 2021. Sakene er sortert etter oversendingsår/-dato med dei siste/nyaste sakene først.

I løpet av perioden 2012 - 2021 har Statsforvaltaren/Fylkesmannen hatt 23 motsegnssaker oversendt departementet for avgjerd (Miljøverndepartementet før 01.01.2014). SFMR/FMMR har vore part i omlag halvparten (11) av desse.

Berre i tre av dei i alt 21 sakene som så langt er politisk sluttbehandla i departementet har motsegnsinstansane fått medhald; dette gjeld alle saker med motsegn frå MR fylkeskommune knytt til automatisk freda kulturminne.

Vi ser vidare at berre ei av dei ni sakene med motsegn frå SFMR/FMMR har fått fullt ut medhald i KMD. Dette omfatta vår motsegn knytt til detaljhandel for reguleringsplanen for Digernes i Skodje kommune i 2012. I dei andre åtte sakene har kommunane heilt (fem saker) eller delvis (tre saker) fått medhald. Det er likevel viktig å understreke at SFMR i desse sakene har fått brei fagleg støtte frå involverte direktorat og fagdepartement knytt til våre vurderingar og konklusjonar. Dette kjem direkte til uttrykk gjennom dei faglege råda desse skriftleg spelar inn til KMD som ledd i den vidare saksbehandlinga.

Sak ephorte	Kommune	Plantype /planområde	Motsegns-part	Motsegns-tema	Oversend KMD	Vedtak i KMD
<b>2021</b>						
14/579	Kr.sund	RP Vikansvingen	SFMR	Natur/miljø, Barn/unge	11.02.21	Ikkje avgjort
20/6612	Volda	KDP område	SFMR	Natur/miljø. Landbruk	03.09.21	Ikkje avgjort
<b>2020</b>						
17/5576	Sykylven	KDP sentrum S og Ikornnes	MRfk	Jordvern	13.08.20	Kom. Får medhald
<b>2019</b>						
16/3324	Skodje	KP arealdel	FMMR	Jordvern	26.09.19	Kom får medhald
16/6920	Ørsta	RP Ørsta sentrum	FMMR	Støy	16.09.19	Kom får medhald
15/1611	Ulstein	KP arealdel	MRfk	Aut.freda kulturminne	03.09.19	MRfk får medhald
16/1777	Nesset	RP Bergmesteren	MRfk, nabokommunar	Avfallsdeponi	16.08.19	Kom får medhald
14/4203	Stranda	RP Geiranger	FMMR, MRfk, NVE	Natur/miljø, Samftrygg, Kulturvern	25.02.19	Kom får delvis medhald
16/5329	Averøy	RP Tøfta	FMMR	Natur/miljø. Friluftsliv, Planf	11.02.19	Kom får medhald
<b>2017</b>						
16/1359	Hareid	RP Fremste Teigane	MRfk	Aut. freda kulturminne	19.01.2018	Kom får delvis medhald
<b>2017</b>						
11/2744	Haram	RP Longva hamn	Kystverket	Fiskerihamn	16.02.2017	Kom får medhald
14/3195	Vestnes	RP Vestnes sentrum	Statens vegvesen	Rundkøyring E39	20.02.2017	Kom får medhald
11/6703	Norddal	RP Syltemoa	MRfk	Aut. freda kulturminne	07.04.2017	MRfk får medhald
<b>2016</b>						
14/946	Sykylven	RP Sykylven sentrum	MR fylkeskomm	Aut. freda Kulturminne	20.12.2016	MRfk får medhald
12/4721	Sula	K-plan	FMMR	Naust-storleik	22.06.2016	Kom får delvis medhald
11/9029	Sandøy	K-plan	Kystverket	Fiskerihamn	07.03.2016	Kom får delvis medhald
<b>2015</b>						
11/4679	Herøy	K-plan	FMMR	Naust-storleik	09.12.2014	Kom får medhald
10/8293	Rauma	RP Måsvatnet	MRfk og FMMR	Natur, miljøv, landskap	22.05.14	Kom får medhald
10/3519	Rindal	K-plan	Reindrifts-forvaltninga	Tamrein	24.04.14	Kom får medhald
<b>2013</b>						
10/6724	Sande	Reg.plan Storehaugen	MRfk	Aut. freda kulturminne	25.04.2013	Kom får delvis medhald
<b>2012</b>						
10/4266	Nesset	K-plan	FMMR, Sunndal k.	Landbruk, Natur miljø, Fiskeoppdrett	07.11.2012	Kom får delvis medhald
11/6096	Averøy	Reg.plan Uran	Statens vegvesen	Trafikkiksring	22.10.2012	Kom får delvis medhald
10/4966	Skodje	Reg.plan Digernes	FMMR	RPB kjøpesenter	14.09.2012	FMMR får medhald

Tabell: Motsegnsaker oversendt KMD 2012 – 2021

## **Motsegnssaker oversendt departementet for sluttbehandling**

For ei samla nasjonal oversikt over alle vedtak i motsegnssaker oversendt MD/KMD; sjå

<https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/kommunal-planlegging/innsigelsessaker1/id2008038/>

Statistikk over motsegnssaker til departementet viser elles ein tydeleg tendens i retning av at færre motsegner blir tatt til følgje. Regjeringsskiftet hausten 2013 blir av mange peika på som ein viktig faktor her. Eit gjennomgåande trekk er at omsynet til lokale forhold og til kommunane sine politiske vedtak knytt til dei aktuelle plansakene blir tillagt større vekt i departementet sine samla vurderingar.

Tabellen under viser Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sin presentasjon av utfallet i motsegnssaker oversendt departementet for perioden 2010 – 2020 (Kjelde: KMD 2021).

Statistikken for 2020 blir av departementet kommentert slik [slik](#) :

**Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) avgjorde 38 motsegner til kommunale arealplanar i 2020. Det er sytten fleire enn i 2019.**

*Kommunen fekk støtte i atten av sakene, og i tolv saker kom departementet fram til ei mellomløysing. Motsegnene blei tekne heilt til følgje i åtte saker.*


*Departementet si oppgåve er å avgjere om motsegnene skal takast til følgje, eller om vedtaket til kommunen, heilt eller delvis, kan godkjennast. Andre departement får høve til å uttale seg når saka er innafor deira ansvarsområde. Av alle arealplanane som blir vedtekne av kommunane, er det berre ein til to prosent som går til KMD.*

*Motsegnene som blir handsama i KMD omhandlar eit vidt spekter av nasjonale og viktige regionale interesser, som landbruk, samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, naturmangfald, kulturminne, samfunnstryggleik og forsvar.*

*Motsegnene som blei handsama i 2020 har vore fremja av fylkesmannsembeta (statsforvaltarane), fylkeskommunane, Statens vegvesen, Bane Nor, Forsvarsbygg, NVE, Riksantikvaren, Sametinget, Mattilsynet og nabokommunar.*

*Sidan regjeringskiftet i 2013 har KMD gjeve kommunane medhald i 52 prosent av sakene. KMD har kome fram til ei mellomløysing i 29 prosent av sakene, og motsegnene er tekne heilt til følgje i 19 prosent av sakene. Totalt er 191 saker handsama under Solberg-regjeringa.*

### Motsegsaker avgjort i departementet



*Motsegsaker avgjort i Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2010–2020.*

## 6. Dispensasjonar og klager

### Kommunale dispensasjonssaker

Statsforvaltaren kan gripe inn i kommunal arealforvaltning ved å klage på vedtak i kommunale dispensasjonssaker. I 2021 har SFMR mottatt 903 dispensasjonssaker. Desse fordeler seg slik:

- **dispensasjon frå kommuneplan (KP): 740 saker\***
- **dispensasjon frå reguleringsplan (RP): 158 saker\***
- **dispensasjon frå pbl §1-8: 378 saker\*\***

\*nokre saker omfattar dispensasjon både frå kommune- og reguleringsplan

\*\*dispensasjon etter PBL §1-8 er oftast knytt til KP, men vil også kunne gjelde RP

I tabellen under er tal for dispensasjonssaker for 2021 samanlikna med statistikken for 2020. Av dette ser vi at samla tal på dispensasjonssaker har auka, og har nådd ein ny topp også i forhold til registreringar for tidlegare år.

Dei fleste dispensasjonssakene (om lag 82 prosent) omfattar søknad om dispensasjon frå kommuneplan. Om lag 42 prosent av sakene omfattar tiltak i strandsona; jf. dispensasjon etter pbl §1.8. Dette vil kunne omfatte både saker knytt til dispensasjon frå kommuneplan og/eller reguleringsplan.

Statsforvaltaren som høyringsinstans har merknader/fråråding til om lag 70 prosent av sakene. Dei resterande 30 prosent blir kvittert ut med «ingen merknad».

### Klager fremma av Statsforvaltaren på kommunale dispensasjonsvedtak.

For søknader/tiltak i motstrid til viktige regionale og/eller nasjonale interesser vil det kunne sendast varsel om at eit eventuelt positivt vedtak i kommunen blir påkalla av Statsforvaltaren. For 2021 omfatta dette i alt 106 av dei til saman 903 dispensasjonssakene. Varsel om klage blir i dei fleste tilfelle følgd opp ved at søknaden får avslag i kommunen, eller at tiltaket blir endra/tilpassa i tråd med Statsforvaltarens merknader.

Dersom varsel om klage ikkje blir tatt til følgje, vil Statsforvaltaren kunne klage på kommunens vedtak. Saka blir då oversendt til settestatsforvaltar for vidare behandling og endeleg vedtak. I 2021 omfatta dette i alt 15 saker.

	Første halvår		Andre halvår		Samla 01.01-31.12	
	2020	2021	2020	2021	2020	2021
<b>Samla disp.sak KP og RP</b>	322 KP + 96 RP	406 KP +73 RP	360 KP + 41RP	380K + 85R	682 KP + 137 RP <b>Disp. samla 831</b>	740 KP + 158 RP <b>Disp. samla 903</b>
Ingen merknad	125	179	161	141	286	320
Merknad/fråråding	216	253	208	201	424	454
Varsel om klage	50	46	57	106	107	106
Klage	3	8	6	7	9	15

Tabell: Dispensasjonssaker 2020 og 2021- fordelt på disp frå K-plan og R-plan, samt samla tal disp

## Merknader fordelt på ulike tema

Statsforvaltaren merknader til dispensasjonssaker omfattar både kommentarar av meir generell planfagleg karakter, samt innspel til ulike tema eller saksområde. Tabellen under viser korleis dette fordeler seg mellom dei ulike kategoriane – også samanlikna med statistikk for fjaråret.

Tema for merknader til disp.saker	Første halvår		Andre halvår		Samla 01.01-31.12	
	2020	2021	2020	2021	2020	2021
Planfagleg	154	101	158	94	263	195
Naturmangfold, Landskap, Friluftsliv, Grønstruktur	74	91	71	83	145	174
Strandsone	80	108	82	82	162	190
Vassdrag	10	14	7	14	17	28
Barn og unge	20	19	20	15	40	34
Folkehelse	1	3	0	1	1	4
Universell utforming	3	1	6	2	9	3
Landbruk	31	36	31	29	62	65
BATP/klima	9	3	10	6	19	16
ROS/samf.tryggleik/klima	86	118	134	114	220	232
Forureining /Støy	20	33	25	36	45	69
Kjøpesenter/senterstruktur	0	0	0	1	0	1
Anna	0	1	0	1	0	1

Tabell: Merknader knytt til behandling av dispensasjonssaker fordelt på plantema 2020 og 2021

## Tema for dispensasjon

Statistikken for dei siste åra viser at nær 50 prosent av søknadene om dispensasjon omfattar saksområde knytt til strandsoneforvaltning, jf. pbl §1-8 *Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag*. Etter plan- og bygningslova § 1-8 er det eit generelt byggeforbod i hundremetersbeltet langs sjøen. Kommunen skal legge dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen til grunn ved handsaming av søknader om tiltak her. Fleire av desse sakene gjeld søknad om dispensasjon frå plan knytt til oppføring av fritidbustader, naust eller flytebrygge/molo.

I Statsforvaltaren sine høyringsfråsegner til dispensasjonssaker er det nokre tema som peikar seg ut. I tillegg til spørsmål knytt til *strandsoneforvaltning* omfattar dette *planfaglege vurderingar*, som tema knytt til *ROS/samfunnstryggleik /klima* og *Naturmangfold/landskap/friluftsliv*. Planfaglege merknader er gjerne av meir generell karakter, ofte knytt opp mot forholdet til gjeldande plan. Av andre tema som ofte går igjen kan nemnast *Landbruk/jordvern*. Fleire av desse sakene gjeld dispensasjonssøknader knytt til om frådeling av bustad- eller hyttetomt i LNF-område. Det er også mange saker med merknader knytt til *Barn og unge sine interesser* og til *Forureining/støy*.

## Kommunevis oversikt over dispensasjonssaker

Oversikt for kommunevis fordeling av dispensasjonssaker går fram av tabellen under. Tal på dispensasjonssakere for første og andre halvår 2021 vil også her kunne samanliknast med tilsvarende periodar for fjoråret. Nye, samanslårte kommunar etter 01.01.2020 som resultat av kommunereformene er markert med \*

### Dispensasjon Kommuneplan (K) og Regulareringsplan (R); kommuneoversikt 2020 - 2021

Kommunar t.s. 26	Første halvår 01.01 - 30.06.		Andre halvår 01.07 - 31.12.		Årsstatistikk 01.01 - 31.12	
	2020	2021	2020	2021	2020	2021
	Aukra	4	6	5	3	9
Aure	33	47	39	44	72	91
Averøy	22	35	14	13	36	48
Fjord*	1	4	0	7	1	11
Giske	5	8	7	9	12	17
Gjemnes	5	7	9	12	14	19
Hareid	5	18	15	2	20	20
Herøy	19	14	22	16	41	30
Hustadvika*	33	28	40	28	73	56
Kristiansund	26	44	32	32	58	76
Molde*	46	32	23	31	69	63
Rauma	31	40	30	27	61	67
Sande	8	4	6	5	14	9
Smøla	18	18	13	9	31	27
Stranda	9	12	6	7	15	19
Sula	10	5	1	3	11	8
Sunndal	7	5	7	1	14	6
Surnadal	6	10	3	5	9	15
Sykylven	5	8	7	11	12	19
Tingvoll	6	11	10	10	16	21
Ulstein	5	10	3	10	8	20
Vanylven	1	7	7	8	8	15
Vestnes	12	2	12	5	24	7
Volda*	20	20	20	8	40	28
Ørsta	4	6	10	17	14	23
Alesund*	63	83	88	91	151	171
<b>T.s. alle kom.</b>	<b>396</b>	<b>487</b>	<b>435</b>	<b>416</b>	<b>831</b>	<b>903</b>

Tabell: Dispensasjonssaker etter pbl 2020 og 2021; kommuneoversikt

	2020 - t.s. 831 saker	2021 - t.s. 903 saker
0 - 20 saker	t.s. 15 kommunar	t.s. 14 kommunar
21 - 40 saker	t.s. 4 kommunar	t.s. 6 kommunar
41 - 60 saker	t.s. 2 kommune	t.s. 1 kommune
61 - 80 saker	t.s. 4 kommune	t.s. 3 kommunar
81 og over...	t.s. 1 kommune	t.s. 2 kommunar
<b>831 saker</b>	<b>t.s. 26 kommunar</b>	<b>t.s. 26 kommunar</b>

### **Framleis mange dispensasjonssaker**

Både kommunane og Statsforvaltaren har felles interesse av at det blir færre dispensasjonar etter plan- og bygningslova. Oppdaterte og gode planar vil gi politikarane og administrasjonen gode og tydelege styringsverktøy. Gjennom dette vil behovet for dispensasjonar kunne reduserast.

Talet på oversende dispensasjonssaker til høyring hos Statsforvaltaren ligg likevel framleis svært høgt. Årsakene til dette kan vere fleire og ulike. Ei generell utfordring for fleire av kommunane vil framleis vere mangel på oppdaterte arealplanar og at dispensasjonssøknader for ulike utbyggingstiltak kjem som ein naturleg konsekvens av dette. Dei fleste kommunane har gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar for planperioden 2019 – 2023 prioritert arbeidet med å få på plass oppdaterte kommuneplanar. Innsatsen er her i første rekke knytt til arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel. Ny, oppdatert samfunnsdel vil her gi rammer og føringar for vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel.

### **Store variasjonar kommunane i mellom**

Oversikt over dispensasjonssøknader communevis, viser at det er store skilnader kommunane i mellom. I fleire kommunar ligg talet på dispensasjonssøknader svært høgt målt i forhold til både folketal og talet på planaktivitet og plansaker elles. Årsakene til at talet på dispensasjonssaker framleis held seg høgt kan vere fleire og ulike. At nokre kommunar i år etter år ligg høgt på dispensasjonsstatistikken reiser likevel spørsmål om dette kan vere eit resultat av ulike «kulturar» knytt til rutinar og praktisk oppfølging av plan- og utbyggingssaker. Nærare kartlegging av statistikken og tala bak vil her kunne gi moglege forklaringar.

## 7. Oppsummering

### **Mange saker og stor aktivitet**

**Statistikken over behandling av plan- og dispensasjonssaker hos SFMR for 2021 viser at det er behandla 1282 saker/ekspedisjonar. Saksmengda er større enn tal for tidlegare år.**

Årsstatistikken for perioden 2010 – 2021 viser at den samla saksmengda knytt til plan- og dispensasjonssaker ligg på eit høgt og relativt stabilt nivå med om lag 11-1200 saker i året.

Samansetjinga av saker har likevel endra seg noko over tid. Hovudinntrykket er at

- fleire kommunar har etter kvart fått plass oppdaterte kommuneplanar; i første rekke omfattar dette oppdatering av kommuneplanens samfunnsdel
- overordna kommuneplan blir i større grad enn tidlegare følgd opp gjennom ulike former for kommunedelplanar, temaplanar eller strategiske satsingar
- det blir færre plansaker og fleire dispensasjonssaker; dette gjeld både relativt sett og målt i absolutte tal
- talet på dispensasjonssaker har auka jamt, og med sterkast vekst dei siste åra
- blant plansakene utgjer reguleringssplanane ein mindre andel, men har gjerne preg av å vere meir omfattande/komplekse

### **Stor variasjon og spennvidde i plan- og dispensasjonssakene**

Plan- og dispensasjonssakene varierer både i type, innhold og omfang – på same måte som plansituasjonen og planaktiviteten kommunane imellom varierer. Mange av sakene er både komplekse og konfliktfylte, og krev tett oppfølging i form av møte og synfaringar.

**Plan- og dispensasjonssakene fordeler seg svært ulikt på kommunane;** nokre kommunar har vesentleg større aktivitet og fleire saker enn andre. Desse sakene viser elles svært ulike profilar for kommunane samla sett. Kommunar med stor aktivitet på plansida har gjerne få dispensasjonssaker relativt sett, medan fleire kommunar med låg planaktivitet ligg høgt på dispensasjonsstatistikken – både relativt og absolutt.

**Det blir gjerne forventa at kommunar med oppdaterte arealplanar i mindre grad vil ha behov for å opne opp for å dispensere frå gjeldande plan. Vi ser likevel at dette ikkje er eintydig.** For å finne meir utfyllande forklaringar på observasjonar og utviklingstrekk for plan- og dispensasjonssakene, både kvar for seg og samla sett, vil det derfor vere behov for å gå nærmare inn i statistikken.

### **Samordning av statlege motsegner til kommunale planar**

**Ordninga med statleg samordning av motsegn til kommunale arealplanar har gitt**

**Statsforvaltaren ei utvida rolle i forhold til plansamordning.** For 2021 er det registrert 13 slike samordningssaker mot 18 i 2020. NVE og Statens vegvesen er part i dei fleste av desse. Omorganisering av Statens vegvesen frå 01.01.2020 har gjort at mange vegsaker no er overført til fylkeskommunen. For 2020 og 2021 ser vi at dette har gjort seg utslag i statistikken ved at Statens vegvesen i langt mindre grad enn tidlegare er part i samordningssakene.

### **Motsegn, mekling og oversending til departementet**

**Talet på motsegner i arealplansaker ligg om lag på nivå med tidlegare år.** Mønsteret er elles som tidlegare at flest motsegner knyter seg til manglar i samband med tema knytt til *ROS/samfunnstryggleik/klima* og til *Støy/forureining*. Manglar av meir generell planfagleg karakter gir også grunnlag for mange motsegner. **Tidleg medverknad og dialog undervegs i planprosessane gjer at konfliktar kan avklarast og løysast tidlegare; færre arealplansaker går til mekling.** Det er likevel ein tendens i retning av at fleire av sakene som går til mekling blir vidaresende til

departementet for endeleg avgjerd. I løpet av 2021 har det vore gjennomført to formelle meklingar, medan to uavklart meklingssaker har vore oversendt KMD for vidare sluttbehandling.

### **Kommuneplanen som utviklings- og styringsverktøy**

**Kommuneplanen som styringsverktøy i kommunalt utviklings- og omstillingssarbeid er styrka.** Fleire kommunar har som ledd i dette fått på plass, eller er i prosess med, oppdaterte kommuneplanar med samfunns- og arealdel. Det langsigte, strategiske og tverrfaglege perspektivet i det kommunale planarbeidet er styrka. I forhold til kommunereforma med nye kommunale oppgåver og bygging av nye kommunar, vil dette vere av stor betydning. Kommuneplanens samfunnsdel omhandlar langsigte utfordringar når det gjeld mål og strategiar, både for kommunens rolle som samfunnsutviklar og som tenesteytar. Samfunnsdelen vil gjennom ein eigen handlingsdel vere direkte kopla til kommunens økonomiplansystem, og vil samstundes legge viktige rammer og føringar for vidare arbeid med kommuneplanens arealdel.

### **Kommunale planstrategiar viser oversikt og viktige prioriteringar**

**Regjeringa skal kvart fjerde år legge fram Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging;** jf. plan- og bygningslova § 6-1 <https://lovdata.no/lov/2008-06-27-71/S6-1> for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane, og ligg til grunn for dei statlege myndighetene sin medverknad i planlegginga.

Arbeidet med dei kommunale planstrategiane har gitt kommunane ei oversikt over eigen planportefølge sett i forhold til status, utviklingstrekk og utfordringar på viktige samfunnsområde. Alle fagavdelingane hos SFMR bidrar aktivt med innspel til våre høringsbrev til kommunane. Dette opnar for å kunne gi nyttige innspel og råd knytt til sentrale fag- og ansvarsområde, og gir også grunnlag for vidare dialog og oppfølging.

### **FNs berekraftsmål skal leggast til grunn**

Nye [nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#) for perioden 2019 – 2023 peikar på at **dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.** På bakgrunn av dette har kommunane i 2020 utarbeidd kommunale planstrategiar for planperioden 2020 – 2023. Ved utgangen av året har 25 av 26 kommunar levert utkast til kommunal planstrategi.

### **Kompetanse og kapasitet i kommunane varierer**

Erfaringar frå den løpende plansaksbehandlinga viser at **kompetanse og kapasitet på planområdet varierer mykje kommunane i mellom; utfordringane i forhold til dette er gjerne størst i dei minste kommunane.** Dette reiser spørsmål om rettleiing og oppfølging frå Statsforvaltarens side – og gjerne i samarbeid med fylkeskommunen. Samarbeidet med fylkeskommunen på plansaksområdet frå tidlegare år er vidareført og vidareutvikla i 2021. Dette omfattar både kurs, konferansar, nettverkssamlingar, regionalt planforum – samt uformell kontakt gjennom den løpende plansaksbehandlinga. Samarbeidet på planområdet omfattar også fagansvar og bidrag til ulike typar opplæringstiltak og utviklingsprosjekt retta mot kommunane.

### **Viktige styringssignal**

**Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa.** I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Kommunale plansaker hos SFMR gir grunnlag for nærmere vurderinger av utfordringar og prioriteringar i lys av Statsforvaltarens samla embetsoppdrag; jf. [styringsportalen for statsforvaltaren 2021](#). Dette er vidare utdjupa gjennom Virksomhets- og økonomiinstruksen (VØI 2021) og *Tidelingsbrevet* (TB 2021). I kapitlet om overordna og tverrsektorielle prioriteringar i TB 2021 blir det m.a. peika på at:

*God måloppnåelse på flere områder i statsforvalterenes portefølje er avhengig av samordning og samarbeid mellom flere sektorer. Det gjelder blant annet for den boligsosiale innsatsen, kommunal styring, arealforvaltning, by- og samfunnsutvikling og klima og miljø. Statsforvalteren har, på bakgrunn av oppgaven om kommunerettet samordning, den brede kontaktflaten mot kommunene og god kjennskap til de ulike kommunenes styrker og svakheter, en viktig rolle som aktiv støttespiller for utvikling i kommunene. Ettersom kommunene har ulik kapasitet til å ivareta oppgavene sine og har ulike lokale utfordringer, er det viktig at statsforvalterne styrker kommunedialogen. Statsforvalterens fellesjenester, i samarbeid med statsforvalterne, utvikler et digitalt verktøy som grunnlag for kommunedialogen, med mål om å bidra til treffsikre analyser av kommunenes risiko og sårbarhetsfaktorer, slik at statsforvalternes virkemidler kan brukes og tilpasses til det beste for kommunene og deres innbyggere.*

*Statsforvalteren skal i 2021 fortsatt bidra til effektive planprosesser og bedre plankvalitet, blant annet gjennom aktiv oppfølging av regionalt planforum. Ved behandling av kommunale planer og dispensasjoner skal lokalt selvstyre vektlegges sterkere, jamfør Innst. 88 S (2020-2021) til Meld. St.5 (2019 -2020) Levende lokalsamfunn for fremtiden...*

### **Kommuneretta samordning og kommunedialog**

I tråd med dette er det dei siste åra **lagt vekt på tettare oppfølging av kommunane gjennom tidleg kontakt i planprosessane i form av dialog, rettleiing og arbeidsmøte**. Dette omfattar at det i 2020 og 2021 har vore gjennomført eigne dialogmøte med alle dei 26 kommunane i fylket. Målgruppe for møta var politisk og administrativ leiing i kommunane. Strategisk planlegging med vekt på kommunane sitt arbeid med kommunale planstrategiar var eit fast innslag på desse møta.

For ein nærmere gjennomgang av Statsforvaltarens rolle og ansvarsoppgåver knytt til kommunalt plan- og utviklingsarbeid viser vi elles til **Styringsportalen for Statsforvaltaren 2021**. Oppdrag retta mot kommunane er vidare utdjupa gjennom **Statsforvaltaren sitt Forventningsbrev 2021 til kommunane i Møre og Romsdal**. Gjennom eigne kapittel blir søkelyset her retta mot *Utfordringsbilde, Overordna prioriteringar, Forventningar til kommunane og Grunnlag for vidare dialog og samarbeid*. Dokumentet gir elles viktige rammer og føringar for kommunens vidare planarbeid. I 2021 vil dette m.a. omfatte arbeidet med overordna kommuneplanar i form av kommuneplanens samfunns- og arealdel. **FNs berekraftsmål** vil her gi viktige rammer og føringar med kommunane sitt vidare arbeid med mål, strategiar og tiltak.

### **Vedlegg (sjå eige dokument)**

#### **Om Statsforvaltarens rolle og medverknad i regional og kommunal planlegging**

- Statsforvaltaren sine oppgåver i plansaker etter plan- og bygningslova
- Behandling av kommunale plansaker hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- Planlegging som verktøy for samfunnsutvikling og samfunnsendring
- Om Statsforvaltaren sine planoppgåver i dei sentrale styringsdokumenta frå KMD
  - Utdrag frå sentrale styringsdokument (VØI og TB)

\*Merk:

For meir informasjon om tidlegare planstatistikk og planrapportering hos SFMR; sjå fellesområdet f://forum/plansamordning...